



KARANTENENEMNDA

Jakob Bjelland

Vår dato	Deres dato	Vår referanse
09.11.2023	16.10.2023	23/5025

Vedtak i samband med overgang til stilling i Sunnhordland Kraftlag AS

Vi viser til meldinga di til Karantenenemnda 16. oktober 2023 om overgang frå embete som statssekretær i Finansdepartementet. Karantenenemnda har behandla saka di. I behandlinga deltok Sylvia Brustad (leiar), Gunnar Hæreid (nestleiar), Bernt Jørgen Stray, Steinulf Tungesvik og Ragna Aarli.

Vedtak

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du skal ha karantene i seks månader i samband med overgang frå embete som statssekretær i Finansdepartementet til stilling i Sunnhordland Kraftlag AS. Karantenetida blir rekna frå 1. november 2023 til og med 30. april 2024. Grunnlaget for karantene i saka di er karanteneleva § 6 bokstav a, b og c.

Karantenenemnda har gjort vedtak om at du skal ha saksforbod i tre månader, rekna frå utløpet av karantenetida. Saksforbodet gjeld frå 1. mai 2024 til og med 31. juli 2024. Grunnlaget for saksforbod i saka di er karanteneleva § 7, jf. § 6 bokstav a, b og c.

Saksforbodet er eit forbod mot at du involverer deg i saker der Finansdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet eller Klima- og miljødepartementet er part eller på annan måte direkte involvert.

Rettsleg grunnlag

Av karanteneleva § 6 går det fram:

Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlige tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- a) det foreligger en konkret forbindelse mellom politikerens tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikerens funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, eller*
- b) politikerens tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikerens blir tilknyttet eller etablerer, særlige fordeler, eller*

- c) *overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt.*

Av karantnelova § 7 går det fram:

Karantenenemnda kan i særlige tilfeller, dersom ett eller flere av vilkårene i § 6 er oppfylt, ilegge en politiker saksforbud i inntil tolv måneder etter fratreden. Saksforbud kan ilegges i stedet for eller i tillegg til karantene.

Dersom det foreligger særlig tungtveiende grunner, kan det ilegges et saksforbud i inntil tolv måneder i tillegg til en karantene på inntil seks måneder.

Saksforholdet

Du har vore statssekretær i Finansdepartementet i perioden frå 16. januar 2023 til 1. november 2023. Før dette var du statssekretær i Samferdselsdepartementet frå 3. januar 2022 til 13. januar 2023. I embetet som statssekretær i Finansdepartementet hadde du ansvar for finansmarknadsavdelinga og sektoransvar for mellom anna Klima- og miljødepartementet og Nærings- og fiskeridepartementet.

Du skal tilbake til stilling hos din tidlegare arbeidsgivar, Sunnhordland Kraftlag. I Sunnhordland Kraftlag skal du mellom anna arbeida med vassdisponering og handel, utvikling av nye prosjekt, konsesjonssøknader og budsjettarbeid. Du kan ikkje sjå bort frå at du kjem til å vera involvert i myndigheitskontakt og søknader om offentleg støtte.

Karantenenemndas vurdering og grunngiving

Karantenenemnda har kome fram til at vilkåret i karantnelova § 6 om eit «særlig tilfelle» er oppfylt, og at karantene og saksforbud blir pålagt med heimel i karantnelova § 6 bokstav a, b og c.

Karantenenemnda meiner det er naudsynt med karantene og saksforbud for å sikra omsynet til tillit til forvaltninga. Det er ikkje ønskeleg at det kan bli reist spørsmål om ein tidlegare politiker nyttar informasjon, kunnskap og nettverk frå embete som politiker i ny stilling. Eit tidsmessig opphald som ei karantene inneber bidrar til å oppretthalda omsynet til tillit til det politiske systemet og forvaltninga.

Karantenenemnda si grunngjeving er at ansvaret ditt og gjeremåla dine som statssekretær i Finansdepartementet kan gje Sunnhordland Kraftlag særlege fordelar. Karantenenemnda legg vekt på at det vil kunna svekkja tiltrua til forvaltninga om du byrjar i stillinga rett etter at du sluttar i embetet. Karantenenemnda har lagt vekt på at du har kunnskap om saker frå tida di som statssekretær som kan nyttast i saker som Sunnhordland Kraftlag arbeider med.

I karantenetida

I karantenetida kan du ikkje ha kontakt med Sunnhordland Kraftlag. Du kan berre ha kontakt av praktisk art som typisk skjer nær oppstart, for å førebu oppstarten i stillinga.

Godtgjersle

I karantenetida får du lønskompensasjon svarande til løna di på tidspunktet for fråtreiding, med tillegg av feriepengar. Sjå karantnelova § 8.

I perioden med saksforbud

Saksforbudet er eit forbod mot at du involverer deg i saker der Finansdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet eller Klima- og miljødepartementet er part eller på annan måte direkte

involvert. Saksforbudet inneber eit forbod mot å delta i ordinær, konkret sakshandsaming med departementa, og eit forbod mot å gi råd, delta i møter eller i fora der saker eller saksområder er som departementa er direkte involvert i, blir behandla eller drøfta.

Retten til ny vurdering

Du har rett til å be om at Karantenenemnda gjer ei ny vurdering av saka di. Dersom du ønskjer ny vurdering, må du senda krav om dette innan fem dagar etter at du har motteke vedtaket. Sjå karanteneleva § 3 tredje ledd.

Du kan ikkje gå til søksmål for å få gjort Karantenenemnda sitt vedtak ugyldig utan at det er kravd ny vurdering, og ny vurdering er gjeven. Sjå karanteneleva § 3 femte ledd.

Retten til å sjå saksdokumenta

Du har rett til å sjå dokumenta i saka. Sjå forvaltningslova §§ 18 og 19.

Informasjonsplikta varer ved

Avgjerda i denne saka gjeld den konkrete overgangen som er behandla. Dersom du innan eit år etter at du slutta som polititar går over til ei annan stilling, påtar deg eit verv eller etablerer næringsverksemd, må du melda inn dette til nemnda for vurdering.

Sylvia Brustad (leiar)
(sign.)

Gunnar Hæreid (nestleiar)
(sign.)

Bernt Jørgen Stray
(sign.)

Steinulf Tunesvik
(sign.)

Ragna Aarli
(sign.)

Vedtaket frå Karantenenemnda er godkjent elektronisk og inneheld ikkje signatur.

Kopi:
Finansdepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet
Klima- og miljødepartementet
SMK